



VELKOMEN TIL FERIELEIR PÅ HAUGLAND



 **Røde Kors**
Sogn og Fjordane



Velkomen til Ferie for alle på Haugland!

I denne brosjyra finn du dagsprogram og informasjon om leiroppaldet. På leiren vert du tatt i mot av frivillige kledd i blå Røde Kors vestar og tilsette aktivitetsleiarar som alle har ansvar for programmet og at alle skal trivast og ha det bra under leir-oppaldet. Vi ser fram til fine dagar saman.

De skal bu i Thor Heyerdahl House og Henry Dunant House. Dei frivillige bur saman med dykk.

Program for oppmøtedagen:

Frå 12.30 – Ankomst

13.00-14.00 – Lunsj i kantina

16.00 – Velkomst og informasjon til alle i Høegh

17.45 18.45 – Middag

18.45 – Aktivitet i Høegh


20.30 – 21.30 - Kveldsmat i Høegh

Alle familiar får tildelt frivilligkontakt som bur på same hus og som er tilgjengeleg for spørsmål og hjelp under oppaldet. Frivillige på vakt er kledd i blå Røde Kors vestar og kan alltid kontaktast om de lurer på noko

Treng du å kome raskt i kontakt kan du ringe leirsjef på telefon 969 24 262.

Wifi: UWC-Guest

Passord: Flekke2020





Program og aktiviteter

Det er flere ulike aktiviteter på dagtid som familiane skal få delta på i løpet av opphaldet. Barna må ha med seg foreldra på aktivitetane. Om det vert vanskeleg, ta kontakt med din frivilligkontakt for å gjere avtale om tilpassing. Alle må vere klare og møte utanfor Dunant til oppsett tid i programmet når det skal vere aktiviteter. På kveldstid er det sosial aktivitet på Høegh (2).

Gje beskjed om nokon i familien ikkje kan delta i aktivitet

Alle som vert hindra i å delta på oppsett program og aktivitet skal gje beskjed til frivillig-kontakten eller leirsjef for å unngå at resten av gruppa må vente på aktivitetsstart utan grunn. Dersom du eller nokon i familien må reise frå staden og vert borte i ein periode, må de varsle frivilligkontakten dykkar eller leirsjefen på førehand og informere om kva tid de skal vere tilbake.

Stilletid på leirstaden

Det skal vere stille på campus kvar kveld innan kl. 22.30, og alle familiar må trekke i hus kl. 22. Det er flere gjester på området og det er viktig at alle respekterer når det skal vere roleg.

Vask og tørk av klede

Du kan vaske og tørke klede i «Onkel Toms hytte», det raude huset i buområdet. Der er også ekstra sengeklede og handklede.

Utsjekk laurdag

Alle gjestar skal vere ferdig utsjekka og levere nøkkel før lunsj kl. 11.30-12.30. Etter lunsj er ferieopphaldet slutt og det er heimreise. Dei som skal ta buss vert henta kl. 13.00. Når leiren er slutt, må gjestane rydde rommet og husa, ta av sengeklede og samle saman brukte handklede og legge det att på rommet.

Evaluering av opphaldet

Før avreise vil vi at de leverer evalueringsskjema med tilbakemelding på korleis de har hatt det under opphaldet. Evaluering er viktig for at vi kan vidareutvikle tilbudet og gjere leiren best mogleg.



Trygt leiropphald

Foreldra har sjølv ansvar for barna sine under opphaldet. Ver særleg forsiktig ved sjøen. Ingen må opphalde seg i eller ved vatn aleine eller utan tilsyn. All bading, aktivitet i vatnet og bruk av utstyr i sjø skal skje med badevakt og må avtalast med aktivitetsleiarar frå UWC eller frivillige. Ved bruk av båtar eller kanoar, skal aktivitetsleiarar frå UWC vere med.

Brann / brannalarm / evakuering

Gjer deg og familien kjent med området og kvar det er oppmøte ved evakuering. Ved brann/brannalarm eller evakuering må ein forlate romma sine og gå til oppgitt evakueringsmøtepunkt merka på kartet.

Vis varsemd ved lading av elektronisk utstyr og pass på å lade på harde flater og underlag som ikkje lett kan brenne.

Rusfri leir

Ferieleiren er rusfri og det er ikkje tillate med bruk av rusmiddel, inklusiv alkohol. Røyking er tillate utandørs kun på tilvist plass oppe ved parkeringa (sjå kart).

Reglar for ein god ferie for alle

Vi ber om at alle gjer seg kjent med og fylgjer reglar som gjeld under opphaldet. Brot på reglar kan føre til utestenging frå aktivitet, erstatningsansvar eller heimreise.

1. Vi skal behandle alle med respekt og gjere vårt for at opphaldet vert triveleg for alle.
2. Vi har nulltoleranse for mobbing, rasisme og all bruk av alkohol og andre rusmiddel.
3. Vi tar vare på utstyr og inventar, og hjelper til med å halde orden.
4. Vi gjer oss kjent med og fylgjer vertsskapet sine retningslinjer, reglar og sikkerheitsrutinar.
5. Vi aksepterer at vi ikkje kan ta bilete og video av andre og publisere på sosiale medium utan løyve.

Program

Onsdag

- 12:30** Ankomst
- 13:00** Lunsj i kantina
- 16:00** Velkomst og informasjon til alle i Høegh
- 17:45** Middag i kantina
- 18:45-22:00** Aktivitet i Høegh
- 20:00-21:00** Kveldsmat i Høegh
- 22:00** Høegh stenger, trekk i hus
- 22:30** Stille/leggetid

Torsdag

- 08:30-09:15** Frukost i kantina
- 09:30-11:30** 1. Bakehuset
2. Aktivitetsløypa
- 11:30-12:30** Lunsj i kantina
- 13:00-15:00** 1. Aktivitetsløypa
2. Bakehuset
- 15:30** Oppmøte bading
- 16:00-17:00** Fritid/Bading i basseng
- 17:00-18:00** Middag i kantina
- 18:00-22:00** Aktivitet i Høegh
- 20:00-21:00** Kveldsmat i Høegh
- 22:00** Høegh stenger, trekk i hus
- 22:30** Stille/leggetid

Fredag

08:30- Frukost i kantina
09:15

09:30- 1. Kano

11:30 2. Bogeskyting
3. Villmarkscamp

11:30- Lunsj i kantina
12:30

13:00- 1. Villmarkscamp
15:00 2. Kano
3. Bogeskyting

17:00- Middag i kantina
18:00

17.30 Oppmøte bading

18:00- Bading/

19:30 Aktivitet i Høegh

20:00- Kveldsmat i Høegh
21:00

22:00 Høegh stenger, trekk i hus

22:30 Stille/leggetid

Laurdag

08:30- Frukost i kantina
09:15

09:30- 1. Bogeskyting

11:30 2. Villmarkscamp
3. Kano

11:30- Utsjekk i Dunant
12:00

11:30- Lunsj i kantina
12:30

13:00 Heimreise



Vakttelefon leirsjef

969 24 262

Skader

Skader og sjukdom skal meldast til dei frivillige.
Alle bygningar har førstehjelpsutstyr.

Fjaler legekantor: 57 73 81 80

Legevakt: 116 117

Brann: 110

Medisinsk naud: 113



Røde Kors Sogn og Fjordane

I samarbeid med Røde Kors Nordisk UWC og
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter

www.rodekors.no/sfj/ffa